



Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040
5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2092 - 18/25306

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2018

Oversender søknad om dispensasjon for etablering av vassleidning til uttale - gbnr 131/4 Remme

Tiltak: vassleidning
Byggjestad: Gbnr: 131/4
Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS

Saka gjeld søknad om etablering av ny hovudvassleidning som skal forsyna den nordlegaste delen av Lindås sitt område på Radøy (Remme) Traseen er markert med bokstav A til H på kartet:

Lindås kommune skal byggje vassforsyning til Remme. Prosjektet vil omfatte ny rørleidning på tvers av Radsundet, nord for Kvamsvågen og Årsholmen. Rørleidning knytast til kommunalt røynett på gnr/bnr. 145/97 i Krosslia – Skarsvegen. Vassleidning leggjast gjennom borehol i fjell til sjø, båe i Krosslia og på Remme. Trase vil krysse eigedomane gnr/bnr. 131/5 og /4 på Remme og Neshaugen. Fram mot Radøyvegen (kum V4) leggjast røyr i veg. Leidning avsluttast ved Juvika. Samstundes leggjast privat vassleidningar parallelt med hovudleidning for forsyning av private eigedomar. Stikkleidning fram til kvar bustad må utførast i samarbeid mellom grunneigarane på Remme og Neshaugen.

Planstatus

På Radøy-sida vert leidningen lagt over areal med føremålet LNF i Kommunedelplan for Alverstraumen. På Alversund-sida er arealføremålet bustad i Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023. Sjøleidningen er i samsvar med føremålet , då kommuneplanen tillet infrastruktur lagt i sjø.

Dispensasjonar etter PBL som skal handsamast

Radøysida: LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8.

Alversund-sida: Krav om utarbeiding av reguleringsplan og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8.


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Situasjonsplan



Veglova

Dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg skal handsamast av Statens vegvesen. Kommunedelplan for Alverstraumen har ikkje dei same føresegnene som kommuneplanen har om byggegrensar mot fylkesvegar.

Lov om havner og farvann

Sjøleidningen er i samsvar med føremålet, då kommuneplanen tillet infrastruktur lagt i sjø. Handsaming etter hamnelova kan såleis gjerast utan å venta på dispensasjon.

Biologisk mangfald

er vurdert i vedlagt rapport frå NNI Resources AS.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader, anna enn frå Vegvesenet, som peikar på moglege krav om arbeidsvarsling, men elles ikkje har merknad til søknaden.

Høyringsfrist

Før kommunen handsamar dispensasjonssøknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve- Vassleidning Krosslia-Remme - gbnr 131/4 og 131/5 Remme

Følgjebrev

dispensasjonssøknad

Nytt vannanlegg Alversundet 2018_Tema naturmangfold

Situasjonsplan

teikningar

teikningar

teikningar

teikningar

Nabovarsel og dispensasjon frå kommunedelplan Alverstraumen - ny hovudvassleidning mellom Krosslia og Remme - Gnr. 131 bnr. 4 og 5 Radøyveg

Kopi til:

| | | | |
|------------------------------|---------------|------|----------|
| Haugen Vva AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |
| Haugen Vva AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |
| Lindås kommune Teknisk Drift | Teknisk Drift | 5914 | ISDALSTØ |

Mottakarar:

Mottakrar:

| | | | |
|--|---------------|------|--------|
| Bergen og Omland Havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Fiskeridirektoratet Region Vest | Postboks 185 | 5804 | BERGEN |
| | Sentrum | | |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Lindås kommune Landbruksavdelinga | | | |
| Lindås kommune Planavdelinga | | | |